




# GLOPPEN KOMMUNE

## SENTRALADMINISTRASJONEN

Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



Vår ref.  
07/900-3// C60 /JAOY

Dykkar ref.

Dato:  
20.04.2007

### BIBLIOTEKREFORM 2014 - HØYRING FRÅ GLOPPEN KOMMUNE

Viser til høringsbrev om ovannemnde.

- ./- Gloppen kommune handsama saka om "Bibliotekreform 2014" i teknisk, landbruk og kulturutvalet i møtet den 18. april d.å., sak 031/07, og der vart det gjort vedtak slik det går fram av vedlagt møtebok.

Tilbakemeldinga frå Gloppen kommune er også sendt elektronisk.

Med helsing

  
Jan-Kjetil Øygard  
kultursjef  
tlf. 57 88 38 50

vedlegg



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Teknisk, landbruk og kulturutvalet	18.04.2007	031/07

Avgjerd av: Teknisk, landbruk og kulturutvalet	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan-Kjetil Øygard/Torill Berge	Arkiv: C60	07/900-2

## BIBLIOTEKREFORM 2014 - HØYRING

### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	05.01.2007	Det Kongelege Kultur- og Kyrkjedepartement	Bibliotekreform 2014 - høyring

### Saksvedlegg:

Ingen.

### Bakgrunn for saka:

Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har sendt ut utgreiinga: "*Bibliotekreform 2014*" på høyring, med utvida høyringsfrist til 1. mai 2007.

### Saksutgreiing:

Utgreiinga vart utført av ABM-utvikling på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet og vart overlevert 25. september i år.

Dei tre viktigaste framlegga i Bibliotekreform 2014 er følgjande:

- Felles nasjonale digitale tenester:  
Gjennom å utvikle og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester er det ynskjeleg å skape eit digitalt bibliotek som gjev alle enkel tilgang til kunnskap og kultur. Dette krev samarbeid mellom biblioteka og nasjonal koordinering og finansiering
- Norgesbiblioteket - nettverket av bibliotek i Norge:  
Utgreiinga tilrår ei reform av bibliotekstrukturen. Innbyggjarane i små kommunar treng same omfang og kvalitet på bibliotektenester som dei som bur i store byar. Målet er at sterkare bibliotek og kompetansemiljø, som er i stand til å utvikle fleire og betre tenester, skal gje eit gjennomgåande betre bibliotektilbod. Styrkinga vil skje gjennom samarbeid og samordningar til sterkare einingar med breiare tenestetilbod
- Kompetanseutvikling for tilsette:  
Føremålet er å styrke og fornye kompetansen i biblioteksektoren. Biblioteket skal ha ein brei og oppdatert kompetanse for å gje betre tenester. Bibliotekforskning skal gje ny kunnskap.

I tillegg skal det fysiske biblioteket utviklast vidare som ein stad for læring og kulturformidling og som ein stad for integrering og kulturelt mangfald. Biblioteka skal i større grad vere eit unikt og synleg tilbod overalt kor brukarane er: på nettet, i forskning og undervisning, og på det lokale biblioteket.

### **Rådmannen si vurdering:**

Dette er den største og breiaste utgreiing på bibliotekområdet nokon gong i Norge, og første gong bibliotekfeltet frå 2 departement er behandla samla, med både folkebibliotek, bibliotek i utdanningssektoren frå grunnskule til universitetsnivå, og nasjonalbiblioteket. Det er også framlegg om løyving av store midlar fram til 2014. Då er det på sin plass at kommunene som eigarar av folke- og skulebibliotek, også uttalar seg om reforma.

ABM-utvikling bed i sitt høyringsbrev spesielt om høyringsuttale knytta til forslag om endra biblioteklov, et norsk digitalt bibliotek og konsolidering innan folkebiblioteksektoren, og framlegget til høyringsuttale er hovudsakleg knytta til desse punkta.

Av praktiske omsyn har ABM laga ein mal for høyringsuttalane, og denne ligg til grunn i rådmannen si tilråding.

### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Gloppen kommune kjem med slik uttale vedkomande "*Bibliotekreform 2014*":

#### **1) Generelle kommentarar:**

Kommunen ser det som grunnleggande viktig at det vert satsa på ei samla styrking av bibliotekssektoren, at vi dreg i same retning for å skape morgondagens bibliotek, og at det vert teke nasjonale grep for å løfte sektoren. Kommunen merkar seg positivt at utgreiinga er tydeleg på biblioteka sitt samfunnsansvar, stadfestar gratisprinsippet, er framtidsretta, og tydeleg på brukarfokuset, også når det gjeld digitale tenester.

#### **2) Kommentrar til dei enkelte framlegga:**

1.1:

##### Tiltak: Iverksette programmet Norsk Digitalt bibliotek

Det er svært viktig at det blir satsa på nasjonale fellesløysingar både når det gjeld tilgang til digitale kunnskapskjelder og felles søke- og bestillingsfunksjonar i Norgesbiblioteket, som kjem alle til gode.

1.5

##### Tiltak: Iverksette program for litteraturformidling.

Litteraturformidling er ei basisoppgåve for folkebiblioteka. Kommunen vil understreke at litteraturformidling er viktig i eit livslangt perspektiv. Det er nødvendig med nasjonale grep for å utvikle og drifte nettbaserte formidlingstenester

2.1

##### Tiltak: Etablere sterkere og mer kompetente folkebibliotek gjennom en konsolideringsprosess som omfatter bibliotekene i flere kommuner.

I vårt fylke er det mange små folkebibliotek, og kommunen ser positivt på samarbeids- og kompetansedelingsstanken som ligg bak konsolideringsforslaget. Kommunen meiner likevel at vi kan oppnå mykje av dei same effektane ved smidigare samarbeidsmodellar. Då vil vi og ta vare på den lokale og politiske forankringa og eigarskapen i kommunane, som er ein vesentleg motivasjonsfaktor for løyvingar til drift. Samtidig kan vi då lettare i dei komande

åra konsentrere ressursar om utvikling for publikumsretta tiltak, heller enn på krevande, interne organiseringsprosessar. Dei statlege løyvingane bør dermed også kome ulike samarbeidsløysingar til gode.

Tiltak: Iverksetje et program for skulebibliotekutvikling

Grunnskulebiblioteka har eit stort behov for opprusting både når det gjeld samlingar, personale og bruk, og forslaget om koordinatorstilling for skulebiblioteka i kommunen, slik utgreiinga foreslår, vert helsa velkomen. Likeeins kan det vere nødvendig med slike stillingar også på fylkeskommunalt nivå, for å sikre utvikling i skulebiblioteka i vidaregåande skule.

2.3

Tiltak: Endre dagens biblioteklovgivning for å sikre samarbeidet i et nasjonalt biblioteknettverk.

Kommunen ser at ei ny biblioteklov vert nødvendig for å sikre det samanhengande Norgesbiblioteket. Kommunen ventar at målsettingar og gratisprinsippet frå gjeldande lov vert vidareført, og at det ikkje vert lempa på kravet om at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek.

3.1

Etablere et kompetanseutviklingsprogram for å styrke Norgesbiblioteket og de konsoliderte enhetene.

Kommunen ser svært positivt på framlegget om å iverksette eit eige kompetanseutviklingsprogram. Vi stiller likevel spørsmål om kravet om konsolidering for å kunne delta i programmet. Kompetanseutvikling er viktig for alle, både små og store bibliotek, og vil vere avgjerande for utvikling. Programmet bør gjennomførast lokalt og regionalt, for å sikre deltaking frå heile landet..

**3) Andre kommentarar:**

Kommunen forventar ei rask og skikkeleg oppfølging av utgreiinga, både i form av lovending, løyvingar og igangsetjing av tiltak.

## **18.04.2007 TEKNISK, LANDBRUK OG KULTURUTVALET**

**Framlegg frå Olav Klungre (Krf):**

Som rådmannen si tilråding, men med følgjande tillegg til pkt 1) Generelle kommentarar:

Kommunen peikar på at bibliotektenestene er viktige for å styrkje nynorsken som skriftspråk.

**031/07 VEDTAK:**

Framlegget frå Olav Klungre vart samrøystes vedteke.